

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 10.06.2015  
Vår ref.: 2015/5384-4  
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy  
Tlf: 55 23 91 45

## Lerøy Vest AS - Søknad om å skifte ut anlegg på lokalitet 13563 Angelskår i Osterøy kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 22.05.2015 frå Lerøy Vest AS om å skifte ut anlegg på lokalitet 13563 Angelskår i Osterøy kommune.

Det vert søkt om å skifte ut det eksisterande anlegget med eit nytt anlegg med 4 stk. 157-meters ringar i 100 x 100-meters rammer. Anlegget vert liggjande innanfor areal avsett til akvakultur i kommuneplanen til Osterøy kommune. Ved å skifte ut det eksisterande anlegget med eit nytt, ynskjer selskapet å redusere risikoen for rømming. Det nye anlegget vil også ha eit større spreingsområde for utslepp frå anlegget, og vil soleis vere betre i høve til miljøpåverknader.

Utvidinga er ein del av ei endring i lokalitetsstruktur som Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk gjennomfører med selskapa sine lokalitetar i Osterøy kommune, der målet er færre og større lokalitetar. Endringa i lokalitetsstruktur vil gjere at avstanden mellom anlegga aukar, og smittepresset mellom anlegga går ned. Lokalitet Tepstad vert søkt utvida no, medan lokalitet Angelskår vil verte søkt utvida i samsvar med eit eventuelt utvida AK-område i den nye arealplanen til Osterøy. Lokalitetane 11677 Hamre (Øyjordsvika) og 13831 Kvamme skal leggst ned i samband med dei omsøkte endringane.

Lokalitet Hamre, med ein produksjon på 2340 tonn, vert lagt ned etter omsøkte utviding på Tepstad, medan lokalitet Kvamme vert lagt ned etter ei eventuell utviding av lokalitet Angelskår. Sjøtroll Havbruk sin søknad om auka areal og MTB på lokalitet Tepstad vert sendt ut og handsamma parallelt med denne søknaden. Selskapa er avhengig av løyve til begge endringane for å leggje ned produksjonen på Hamre (Øyjordsvika). For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i *forskrift om konsekvensutredningar for tiltak etter sektorlover* (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsammast etter § 3 i forskrifta. Fylkeskommunen si vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande opplyst i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriterier i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for tilhøve som bør opplysast nærare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Osterøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *forskrift av 22.12.2004 nr.*

1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret §8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Lerøy Vest AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf 55 23 91 45 eller e-post til [vibeke.saure.lokoy@hfk.no](mailto:vibeke.saure.lokoy@hfk.no), i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing

Vibeke Lokøy